



5 blide publikummarar frå USA. Frå vinstre sit Nikki Folghum, Melissa Clucas, Kaitlym Faraone, Laura Thiele og Paige Bolton

Song og spel - vår juvelDette var overskrifta over konserten i Helgheim i kveld. Den kunne like gjerne ha vore Folkemusikkperlar på ei snor, for her vart det servert eit mangfald av folkemusikk av utøvarar i alle aldrar. Og eit lydhørt og begeistra publikum hadde innslag til og med frå Utah og Iowa - 5 praksis-studentar som no er ved skular i Kvinnherad. Kristian Olav Bringedal leia arrangementet som også hadde matøkt og vart avslutta med lek og dans - som i gamle dagar. Med andre ord var det også ei gjenskaping av ei ungdomshus-samkome i tidlegare tider.



Folkemusikklaget spela 6 dansar i konserten

Gruppene var både frå Kvinnherad og utanfrå. Kvinnherad Trekkspelklubb med Nils Naasen som musikalsk leiar var denne gongen supplert av Kari Malmanger som song to artige bygdeviser frå Rosendal og den irske Danny Boy i norsk språkdrakt før dei dro opp Den frilynte og fekk det til å rykke i dansefoten hjå nokon kvar.



Trekkspeklubben sviktar aldri

Kvinnherad Folkemusikklag forsterka den effekten med 3 reinlendarar samtein vals, ein hamburgar og ein polka og jentetroen Kvast laga eit internasjonalt perspektiv over folkemusikkmenyen. Dei 3 er tilknytta Høgskulen i Telemark men kvinnheringen Irene Bjørke er leiar.

Ei anna lokal gruppe kalla seg slåande nok Jentelokken og besto av dei som i år har lært seg kvedarkunsten på kurs med Kari Malmanger og Reidun Horvei. Fylkesmusikar Frank Henrik Rolland friska på kvedinga med to slåttar.

I det heile ein stor kveld for alle elskerar av god folkemusikk.



Kvedarane har lært mykje av Reidun Hovei som står til vinstre

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kvas spela folkemusikk med stor spennvidde